

Vi blir ikkje høyrte – Kommunesynet fortener ei rettferdig behandling

Det var med stor spenning mange av oss såg på kommunestyremøtet via kommune-tv om kvelden 19. juni i år, for å følgje med på interpellasjonen frå Richard Markhus (AP) i sak 74/2025. Først vil vi rette ein stor takk til Richard Markhus som tok initiativ til interpellasjonen, det var eit viktig og modig steg, sjølv om det dessverre vart møtt med døve øyrrer hos administrasjonen og fleirtalet i Kommunestyret.

Vi kjenner på eit stort behov for å kommentere nokre av påstandane som har kome fram i behandlinga i møtet, blant anna skriftleg svar frå ordførar, kommentarar frå administrasjonen, vedtak og i referat frå Kommunestyret. Det var både overraskande og svært skuffande å høyre fleire av desse påstandane. Det er mange faktafeil som politikarane bør vere klar over før dei tek avgjerder som påverkar arbeidskvardagen vår.

Det blir blant anna hevda at Kommunesynet er i dårleg stand, at taket er langt over si levetid og framleis har mange lekkasjar, og at det truleg må skiftast heilt ut. Det vart også hevda at ventilasjonsanlegget er i ferd med å knela, då det grunna høge radonverdiar må gå for fullt heile døgnet. I tillegg kom det fram påstand om at mange av vindauge dessutan må skiftast ut. Desse påstandane stemmer ikkje! Kor kjem desse opplysningane frå? Taket har ikkje mange lekkasjar, ventilasjonsanlegget går ikkje døgnet rundt og det er ingen øydelagde vindu. Kvifor kom det fram uriktige opplysningar om Kommunesynet i kommunestyremøtet? Kvifor snakke ned eit bygg som politikarane planlegg å selje? Kva er eigentleg agendaen?

I ettertid har vi fått mange tilbakemeldingar frå både innbyggjarar og tidlegare tilsette, som også har reagert på fleire av desse påstandane, som kom fram i kommunestyremøtet.

Vi har bl.a. fått følgjande e-post frå ein tidlegare tilsett, med 27 års fartstid med arbeidsplass i Kommunesynet, som kjenner bygget godt, og som i ca. 17 år var avdelingsleiar for Eigedomsdrift, og dei siste 10 år som prosjektleiar for kommunale bygg:

«Kommunesynet – ein kommentar:

Kommunesynet vart tatt i bruk i 1996 (29 år) og er inkl. loftareal ca. 1700m².

Har gått tilbake og sett på dei overslagane laga i 2023 på oppgradering og ombygging.

Tar me vekk kostnader til ombygging for endra bruk, står me i hovudsak att med utskifting ventilasjonsanlegg og utbetring glastak – dette ligg i storleik om lag 3 mill. inkl. mva.

Ser det vert lagt fram ein påstand om at taket er langt over levetid og må skiftast i sin heilheit. Det kan nok vera punkt som må vedlikehaldas, men generelt er taket i god stand. Tekka med teglstein som er rekna til å ha ei levetid på 75-100 år.

Det er påstand om glas generelt er i dårleg forfatning og må skiftast, dette må ha endra seg radikalt sidan eg slutta for to år sidan. Eg veit ikkje om eit einaste vindu i Kommunesynet som må skiftast.

Dei totale FDV kostnadane (vedlikehald, straum, reinhald, forsikring) for bygget er berekna til ca. 1 mill. i året. Dette er nok ikkje langt frå reelle kostnader, men denne innsparinga smuldrar bort når ein inngår nye leigeavtarar for bibliotek, Bua m.m.

Radonverdiar i bygget er for høge. Dette vert kompensert med bruk av ventilasjonsanlegget. Så lenge eg var i bygget starta dette to timar før arbeidstid og gjekk til kl. 16.00».

Vi ser elles at denne saka om sal av Kommunesynet også har skapt stort engasjement hos innbyggjarane i heile kommunen, på begge sider av fjorden. Vi har registrert at innbyggjarar i kommunen i frustrasjon har oppretta ei eiga sak på minsak.no, og som raskt resulterte i heile 962 underskrifter. Dette bør også politikarane i kommunen vår merka seg.

Tidlegare i år vart det oppretta ei arbeidsgruppe for å jobbe med utflytting av Kommunesynet. I kommunestyret vart det hevda at det var etablert ei arbeidsgruppe med brei representasjon frå ulike tenester, tillitsvalde og hovudverneombod, men i realiteten har samansetninga vore svært skeiv. Einingar som til dømes Landbruk og Innbyggjarservice v/Dokumentsenteret, som begge har lokasjon i Kommunesynet, har heile tida hatt ønske om å delta, men har fått avslag på dette fleire gonger. Dette stiller vi oss veldig overraskande til. Landbruk er eit interkommunalt samarbeid mellom Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes kommune. Hovudpostmottaket til Bjørnafjorden kommune er også lokalisert i Kommunesynet, og er ei av oppgåvene som Innbyggjarservice har ansvar for. At bl.a. desse einingane ikkje får delta i arbeidsgruppa, er med på å svekka breidda i perspektiva, og gir eit ufullstendig grunnlag for avgjerder som påverkar fleire enn dei som er representert.

Verken tillitsvalde eller hovudverneombod er formelt inviterte – det er to tilsette med arbeidsplass i Kommunesynet – dei meldte seg sjølv inn i gruppa. Mandatet til arbeidsgruppa var heller ikkje tydeleg, det eksisterte ikkje i starten – dei fekk beskjed om å skrive det sjølv. Først i mai fekk arbeidsgruppa eit mandat å jobbe etter. Det er elles med undring vi har merka oss at fleirtalet av dei som får vera med i arbeidsgruppa, har arbeidsplassen sin på Os-sida av kommunen.

I ordføraren sitt samla svar til interpellanten, kom det også fram «kritikk» av tidlegare Fusa kommune og følgjefeil, når det gjeld inngåtte leigeavtalar i Fjord'n Nærsenter, men saka er nok meir kompleks enn det som kom fram i kommunestyret, ut frå fakta i prosessen ved samanslåing. Kor vart det eigentleg av alle dei tilsette som skulle komme over fjorden frå Os-sida, som toppleiving på begge sider av fjorden sa til oss om i eit informasjonsmøte i Kommunesynet hausten 2019 ? Det kom ikkje til å vera plass til alle i Kommunesynet. Kontrakten i den gamle delen av Fjord'n Nærsenter er bl.a. eit resultat av dette.

I kommunestyremøtet informerte ordføraren også om at kommunen ikkje har klart å framleige leigekontraktane i Fjord'n Nærsenter. Korleis har dei forsøkt å gjere dette? Kan vi få innsyn i dette?

Uansett forhistorie, kvifor fortsett no Bjørnafjorden kommune med å inngå stadig nye leigeavtalar i Eikelandsosen? Dei har nyleg inngått leigekontrakt for Biblioteket i Fjord'n Nærsenter. Det er i tillegg inngått leigekontraktar for BUA og vaksenopplæringa i Fjord'n Arena. Desse leigeavtalane er også inngått utan at arbeidsgruppa for flytting var involvert. Bibliotek, BUA og vaksenopplæringa har jo allereie gode lokale i Kommunesynet og Fjord'n Nærsenter.

I 2023 vart det vedtatt at Kommunesynet skulle byggast om så vi fekk fleire kommunale tenester i bygget. Vi såg fram til at også kyrkjekontoret skulle flytte inn i Kommunesynet.

For å gjere plass til dei, har det vore ein del organisering, flytting og omrokking av både kontor og personell på huset. Plutseleg vart det heilt stopp – ingen fekk vite noko. I ettertid har kommunen fornya leigekontrakten i Fjord'n Nærsenter for kyrkjekontoret. Kvifor fortsetje å inngå

nye leigekontraktar også her? Kvifor kan vi ikkje vera samla i Kommunesynet? Er det ikkje betre å eige enn å leige? No vert vi tilsette spreidd på mange ulike lokasjonar, og vi er redde for at vi skal miste det gode samarbeidet og arbeidsmiljøet vi har i Kommunesynet i dag, på tvers av mange ulike einingar og avdelingar.

Ordføraren sa også at kommunen gjennom vinteren og våren har arbeidd med, og funne nye lokalitetar for biblioteket, BUA og vaksenopplæringa, og at det var dei ansvarlege for desse tenestene som har gjennomført denne prosessen. Vi stiller heller spørsmål om forslaget og vurderinga av det nye bibliotektilbodet heller har blitt påverka av ytre forhold, som handlar meir om frykta for å miste bibliotektilbodet på denne sida av fjorden, enn ei samla vurdering av kva som er mest tenleg for tenesta, innbyggjarane våre og dei tilsette.

Det er også verdt å stille spørsmål ved sjølve prosessen. Vedtaket om sal av Kommunesynet vart gjort utan at det var gjennomført nokon form for risikovurdering eller konsekvensutgreiing på førehand. Når slike avgjerder blir fatta utan grundig vurdering av kva det inneber for tenestene og dei tilsette som held til der, svekkar det tilliten til prosessen og til dei som styrer han.

Vi som jobbar i Kommunesynet opplever at informasjonen som går ut til politikarane ofte ikkje stemmer med røynda. Det gjer at vi ikkje føler oss høyrte eller rettferdig behandla. Dette står i sterk kontrast til verdiane Bjørnafjorden kommune sjølv har løfta fram: «*Vi lyttar med respekt, Vi finn smarte løysingar, Vi gjer det vi seier, og Vi er inkluderande*». Når praksis ikkje samsvarer med desse verdiane, er det naturleg at tilliten blir svekka.

Vi har stått i store endringar i over 5 år, utan stopp. Dei siste åra har det vore store nedbemanningar, omorganiseringar og omstillingar fleire gonger, noko som stadig skapar usikkerheit hos dei tilsette. Dette skapar stor energilekkasje. Dette har vi også merka godt på denne sida av fjorden. Vi har også mista mange tilsette etter vi vart Bjørnafjorden kommune. Det er svært krevjande å stå i endringar over lang tid. Forsking viser også at endring skapar usikkerheit.

Vi er her for innbyggjarane våre. Vi skulle saman bygge ein ny stor Bjørnafjorden kommune, bygge gode einingar og avdelingar, bygge ein felles kultur, bygge gode relasjonar, skape gode arbeidsmiljø og skape ein god kommune å bu i for innbyggjarane våre. Dette har vi som tilsette hatt fokus på heile vegen, på begge sider av fjorden.

No er det vedteke ei ny stor endring for både innbyggjarar og tilsette – sal av Kommunesynet. Vi kan ikkje forstå kvifor det ikkje skal gjennomførast ei skikkeleg konsekvensutgreiing og risikoanalyse, før det vert teke ei endeleg avgjerd i denne saka. Kvifor hastar det sånn? Det er berre 2 år sidan det vart vedteke å behalde Kommunesynet! Kvifor kan vi ikkje få lande skikkeleg i den nye kommunen vår, før det kjem nye store endringar?

Til slutt vil vi peike på alvorlege manglar i AMU-saka.

AMU – Arbeidsmiljøutvalet – er eit lovpålagt organ med ansvar for å sikre eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø. Utvalet skal handle saker som gjeld helse, miljø og tryggleik, og bidra til god dialog mellom arbeidsgivar og arbeidstakar. AMU skal også følgje opp risikovurderingar og sørge for at tilsette blir høyrte i saker som påverkar arbeidskvardagen deira.

I referatet blir opplyst at alle risikoelementa er delt med dei tilsette i Kommunesynet, men dette stemmer ikkje. Per dags dato har fleire tilsette framleis ikkje fått innsyn i desse dokumenta, sjølv om fristen for tilbakemelding var 31. juli.

Når AMU ikkje får tilgang til korrekt og fullstendig informasjon, blir det umogleg for utvalet å utføre oppgåvene sine på ein forsvarleg måte. Det svekkar både tilliten til prosessen og tryggleiken til dei tilsette. Korleis kan vi då stole på at arbeidsmiljøet vårt blir ivaretatt?

Vi ønskjer ikkje å vere ein brems i utviklinga, men vi krev å bli høyrte og behandla med respekt og rettferd. KommuneTunet er ein viktig arbeidsplass for mange, og avgjerder som påverkar oss må vere basert på fakta – ikkje feilinformasjon.

Med vennleg helsing

Ansatte med arbeidsplass i KommuneTunet